# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark

**Januar: Sparebankstiftelsen Hallingdal bidreg med 2,5 millionar til prosjektet. Spillemidelsøknader sendt inn til fylket.**

**Februar: Fleire sponsorar blir med: Hallingplast, Kiwi Hagafoss, Holet og Moen grendautvalg og Sparebankstiftelsen DNB .**

**Mars: Skue Sparebank bidreg med 2 millionar til prosjektet.**

**April:** Starta anleggsarbeidet med opprustinga av Hol stadion. Det vart høgd tømmer rundt stadion for å ta vare på området. Oddvar Berg organisert tømmerdrifta. Anders Medhus starta med filming og dokumentasjon av prosjektet. Lysstolpane vart kappa ned og rydda opp. Avfallet henta Sundbrei transport.





Under årsmøte til Hol idrettslag vart det satt ned ein komité for bygginga og opprusting av området.

Komiteens medlemar er Runar Tufto, Oddvar Berg, Kjell Eikrehagen, Knut Erik Grøslandsbråten og Gerda Sleeking.



Frå Hallingdølen 30.april 2022





Byggekomiteen: F.v. Oddvar Berg, Runar Tufto, Knut Erik Grøslandsbråten, Harald Medgard og Kjell Eikrehagen har planlagt arbeidet på Hol Stadion. FOTO: ANDERS MEDHUS/HALLINGCAST

# Har nesten spaden i jorda

**Om dei siste pengane kjem inn, kan idrettslaget i Hol starte utbetringa av anlegget om under ein månad.**

MONA N. STENSVOLD
mns@hallingdolen.no

IDRETTSANLEGG: – Når eg seier det høgt er det nesten så eg ikkje trur det er sant. Det er utruleg kjekt, seier Runar Tufto.

Han er leiar i arbeidsgruppa som har brukt mange timar det siste året på å greie ut og planlegge ei etterlengta oppgradering og vidareutvikling av Hol stadion. Nyleg fekk dei støtte frå Skue Sparebank, som gjekk inn med to millionar kroner.

Frå før har dei fått med seg fleire støttespelarar, og til no har dei fått inn 5,5 millionar. Framleis står att det litt før prosjektet er fullfinansiert.

– Me håpar kommunen vil bli med og forskottere tippemidlar. Det veit me har vorte gjort andre stader, seier Tufto.

Totalt med to søknader og momskompensasjon dreier det seg om fire millionar.

**Startar graving**

Går alt etter planen går prosjektet frå teiknebordet til fysisk arbeid i månadsskiftet mai–juni. Fyrste del av prosjektet er graving av straum- og dreneringsgrøft, grunnarbeid og skifte av lys. Dei skal asfaltere skøytebanen og leggje kunstgras på fotballbanen, i tillegg til å gjere klart aktivitetsområdet og gjere klart for montering av stativ. Dei kjem fyrst på plass i 2023, mellom anna i lag med tennisbane.

– Håpet er at ein kan spele fotball på kunstgras i Hol kring 1. september, seier Tufto.

**Stort engasjement**

Han er glad for at dei har fått med seg heile bygda på prosjektet. Både i Hol og Hovet er det entusiasme og dugnadsånd i saman med oppgraderinga.

– Me klarte å få me oss folk frå starten med undersøkingar og møter for å kartlegge behova. Det er godt å sjå at dugnadsånda ikkje er borte og at folk stiller opp.

Prosjektleiaren gler seg over at dei snart kan starte gravearbeidet.

– For vaksne og ungar i Hol og Hovet betyr dette veldig mykje.



← Hol stadion får eit skikkeleg ansiktsløft dei neste to åra. FOTO: JENNY MARIE SVEEN

→ Noko av arbeidet har alt starta. Den siste tida har det vorte hogd ut mykje tømmer kring parkeringa på idrettsbanen. FOTO: JENNY MARIE SVEEN



# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark

**MAI 2022:**

Frå Facebook sida vår: Foreininga til Lars Liens minne har gitt oss ei stor pengegåve frå det dei har samla inn igjennom mange år. Familien og Lars brukte idrettsplassen mykje. Med pengegåva ynskjer foreininga å bidra med å tilrettelegga for folkehelse og livsmeistring. For prosjektet sin del betyr ei slik gåve enormt mykje, og motiverer til å stå på ytterlegare for å få til eit anlegg som alle kan bruka. Tusen takk!❤️



HALLINGDØLEN TYSDAG 24. MAI 2022 | 19

SPORT

Kontaktperson vekedagar: Mona N. Stensvold
Tlf.: 926 67 967 E-post: mns@hallingdolen.no
Helg: 976 99 000 / sport@hallingdolen.no

Kåre Trillhus (t.h.) og Jens Olav Lien er glade for å gi 358.000 kroner til Hol idrettslags arbeid med ny aktivitetspark. Runar Tufto, Oddvar Berg og Knut Erik Grøslandsbråten er takksame for gåva.

## – Rørande og overraskande

**Hol idrettslag får ei heilt spesiell gåve til utbygginga av den nye aktivitetsparken. Foreningen til Lars Liens minne gir heile minnefondet til prosjektet.**

MAGNUS LINDAHL
ml@hallingdolen.no

Summen er på nøyaktig 358.700 kroner.

– Det er heilt fantastisk. Rørande og overraskande. Me vart heilt sett ut då me fekk nyheita, seier Runar Tufto, Oddvar Berg og Knut Erik Grøslandsbråten i prosjektgruppa i Hol idrettslag.

**– Ekstra betydning**

Styreleiar i minnefondet, Kåre Trillhus, og Jens Olav Lien er ikkje i tvil om at prosjektet på Hol stadion er det perfekte formålet for pengane.

– Kan me hjelpe til med å få bygd eit nytt anlegg her, er det supert.

Hallingdølen møter dei på Hol stadion måndag morgon. Denne veka startar utbygginga av det som skal bli Hol idretts- og aktivitetspark. Det vil gi eit kraftig løft til idretten i bygda. Kunstgras erstattar grov grus, og her blir det aktivitetspark med 60 meter, lengdegrop og høgdematte.

– Gåva gjer at me kan utvide litt. Det gir ekstra motivasjon, og det er liten tvil om at prosjektet no får ein litt ekstra betydning. Gåva har gjort inntrykk på mange, seier Tufto, Berg og Grøslandsbråten.

Norway Games på Bislett i 2000. Lars Lien frå Hol (nærmast), vann 14-årsklassen på 60 meter på 7,78.
ARKIVFOTO: ARNE O. LINDAHL

**Godt friidrettsmiljø**

Jens Olav Lien nikkar og er samd. På 1990-talet bygde han opp friidrettsgruppa i Hol. Sonen Lars var ein av mange ivrige utøvarar som konkurrerte over heile Sør-Norge. Lars var uvanleg sterk og eksplosiv og vann det som var av konkurransar i dei yngste guteklassane. Særleg på 60 meter skaut han ut av startblokken og var blant landets raskaste gutar.

– Frå han var seks til 16 år var Lars her mykje. Me hadde mange gode år her på banen, seier Jens Olav.

– Det kunne vere 20–25 på trening og mange konkurrerte.

**Idrett som førebygging**

I ungdomsåra fekk Lars rusproblem og psykiske plager. Han gjekk bort 21 år gamal i 2007. Då starta familien eit minnefond og ein minneforeining.

– Det vart starta for å hjelpe andre foreldre og jobbe mot rus og psykisk helse, seier Jens Olav.

No blir både foreininga og fondet avvikla. Men det var då Jens Olavs kone, Liv Esther, kom opp med ideen om å gi alle pengane til idrettslaget.

– I styret var det full semje om dette, seier Trillhus.

No gler dei seg saman med idrettslaget til å sjå korleis anlegget utviklar seg. Tufto, Berg og Grøslandsbråten er iallfall ikkje i tvil om at anlegget vil få stor betydning.

– Idrett er førebyggande på mange plan. Her blir det låg terskel for å leike og bli introdusert for idrett.

# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark

**Maling av klubbhus**





**Jan Meinstad og Sveinung Kvammen har stilt opp kvar onsdag i fleira månadar!**



# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark

**14.mai hadde me stor dugnadsdag!**




**Juni: Fortsette malinga. Me fekk nye garasjeporter og bytta sikringsskåp.**



# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark



**Begge garasjane vart måla:**





**Anleggsarbeidet starta opp i juni med drensgrøfter og opprydding i gammal moro. 23.mai kom dei fyrste anleggsmaskinene.**



# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark

**26.juni boring av hull til stolper**



**Juli starta med oppsetting av stolper og forskaling av ringmur til padeltennisbanen**





**Trekkinga av mange meter med kabel til lyd og lys**





**August: Avretting av bane med veghøvel.**



# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark



**Blider frå ein av mange byggemøter. Imponerande arbeid av Bjella og Medgard med Henning Medgard i spissen.**



**Start bygging av vass-hus**



# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark

**18.august starta arbeidet med kunstgras til fotballbane og ferdig med asfalt bane**



**Dugnad for å sette opp ballnett**





# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark

**Dugnad med vasshuset**



**Tidtakarboden vart måla og fekk nytt tak i løpet av sommaren**






# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark

**Fullt hus! Kake til 200 personar vart spist opp!**






24

SPORT

TORSDAG 1. SEPTEMBER 2022 HALLINGDØLEN

Kontaktperson vekedagar: **Mona N. Stensvold**
Tlf.: **926 67 967** E-post: **mns@hallingdolen.no**
Helg: **976 99 000** / **sport@hallingdolen.no**

HALLINGDØLEN TORSDAG 1. SEPTEMBER 2022

25

**Vekst:** I Hol har idrettslaget opplevd vekst gjennom pandemien. Eg trur me nærmar oss 600 medlemmer. Me har ikkje hatt fotballag på mange år, men no er det stort engasjement, seier Runar Tufto som er prosjektleiar for utbygginga av nye Hol stadion.

## Sola seg frå grus til gras

**Ungar i Hol er stolte av den nye kunstgrasbanen. – Og for meg, som har spelt fotball på grus i alle år, er dette ein draum.**

TOR FOLGERØ
tf@hallingdolen.no

Det seier Runar Tufto, prosjektleiar i Hol IL for oppgraderinga av den gamle grusbanen.

Tysdag hadde fotballgruppa i Hol IL premiere på nytt kunstgrasdekke, med gjester frå Geilo, Ål, Nesbyen og Uvdal.

– Fire lag møttest for å spele 3-ar-fotball. Og så var det lokaloppgjer mellom Hol og Ål i 5-ar-fotball. Sist vann Ål, men i dag var det meir artig å vere holing. Dette er to jamne lag, som spelar artig og fin fotball, seier Tufto.

**Pragmatisk allidrett**

Det er ikkje ein rein fotballbane holingane har bygd seg, men ei «fleirbruksflate», eit anlegg både for organisert og uorganisert aktivitet. Rundt heile flata går ein 400 meter skøytebane som har blitt retta opp, drenert og fått ny asfalt. I midten spirer det i grønt kunstgras.

– Me har putta det me klarte å få plass til, inn i skøytebanen, seier Tufto.

I staden for å bruke all plassen til ei stor fotballbane, har dei bygd ein mindre 7-ar-bane. Slik har dei frigjort plass til aktivitetsområde der det kjem løpebanar, hoppegrop, høgdehopp og fleire andre aktivitetar.

**Topp og breidde**

Banen i Hol var ein landskjend skøytebane. Måndag var landslaget på besøk for å teste det ferske asfaltdekket.

Runar Tufto har vore prosjektleiar for oppgraderinga av banen.

– Landslaget er ei brukargruppe, men banen er først og fremst bygd for breiddeidretten. Banen eignar seg også for ungar som skal lære å sykle eller som vil gå på rulleski og -skøyter. Det er også bra tilrettelagt for eldre rullestolbrukarar.

*– Eit tidsskilje?*

– Ja, det er utruleg at me kan ha grønt gras i Hol, året rundt. Dette er me stolte av, seier Tufto.

**Mot normalt**

Etter pandemien slit idrettslag i heile landet med å kome tilbake i aktivitet. Ungane møter ikkje på trening. Foreldra stiller ikkje på dugnad.

*– Du er ikkje redd for at de har bygd ein ny og fin bane som berre blir ståande tom?*

– Nei, i Hol har idrettslaget opplevd vekst gjennom pandemien. Eg trur me nærmar oss 600 medlemmer. Me har ikkje hatt fotballag på mange år, men no er det stort engasjement både blant ungar og foreldre. Det var behov for denne banen. På ein god kveld er det sikkert 30 ungar i sving, frå første- til femteklasse, seier han.

↑ Tre mot tre. Det var fart og action då Hol IL i gult tok imot Uvdal til den første kampen på ny kunstgrasbane.

← Banen har fått eit lyft med asfaltert dekke på skøytebanen og kunstgras til fotballspelarane. Etter kvart kjem det også område med friidrettsaktivitetar.

→ Tysdag fekk gulkledde fotballspelarar i Hol revansje på heimebane. På ein flunkande ny kunstgrasbane slo dei Ål, som vann sist dei to laga møttest.

Frå Hallingdølen 1.september 2022.

# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark

**September starta lysmonteringa**



**21.9.2022 vart det nye lyset på Hol stadion satt i drift.**



# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark



**Oktober: Me fekk penge gåve frå Hol hornmusikk, Hol skolemusikkorps og Hovet skolemusikkorps! Samtidig avslutta me ein spleis, der me samla inn 50 000,-  Frå kompan fondet fekk me over 100 000,- til kjøp av treningsapparatet.**



**Tuftepark-dugnad**



# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark

**Betongkant**



**Årskavalkaden til Hallingdølen 2022:**



Kåre Trillhus (f.h.) og Jens Olav Lien ga 358.000 kroner til Hol ILs arbeid med ny aktivitetspark. Runar Tufto, Oddvar Berg og Knut Erik Grøslandsbråten i idrettslaget takka for ei rørande gåve. ARKIVFOTO: MAGNUS LINDAHL

## Gav minnefondet etter Lars til idrettslaget

**NOKRE GONGER GIR EIN** jobb ekstra grunn til ettertanke. Denne maidagen, på veg frå Nesbyen til Hol, var ein slik. Eit par dagar tidlegare hadde eg prata med Jens Olav Lien. På det som då var Hallingdals desidert dårlegaste stadion sommarstid, skulle han saman med Kåre Trillhus dele ut 358.700 kroner til Hol idrettslags arbeid med den nye aktivitetsparken.

Pengane kom frå minnefondet etter sonen til Jens Olav, Lars, som gjekk bort i 2007. Runar Tufto, Oddvar Berg og Knut Erik Grøslandsbråten i prosjektgruppa i idrettslaget vart heilt sett ut då dei fekk nyheita.

– Rørande og overraskande, sa dei.

**OG DET VAR DET.** I ungdomsåra fekk Lars rusproblem og psykiske plager. Han gjekk bort 21 år gamal. Då starta familien eit minnefond og ein minneforeining. Men i dei tidlege ungdomsåra var han eit stort friidrettstalent. Og det var slik eg vart kjend med han.

I tre-fire sesongar frå 1997 møttest me stadig på friidrettsstemne på heile Austlandet. Jens Olav, som sprang saman med fatter'n i Nesbyen på 1970-talet, hadde bygd opp ei flott friidrettsgruppe i Hol. Og ut av startblokken skaut Lars ut som ein av landets raskaste unggutar. Han var uvanleg sterk og eksplosiv og vann det som var av konkurransar i dei yngste guteklassane.



Magnus Lindahl

**PÅ VEG TIL HOL RANN** eit bilete av oss to meg i hugen. I avisa etter Jotunleikane i Øvre Årdal i 1997. 11-åringen Lars vann bestemannspremie for 4,21 meter i lengde. Eg vann bestemannspremien for 2,08,3 på 800 meter som 15-åring. Nokre år seinare fekk han rusproblem, og eg hugsa ein laurdag midtvinters, det kan ha vore i 2004 eller 2005, at Jens Olav kom med Lars på friidrettstreninga vår i Nesbyen. Han var ikkje i toppform då.

Det var siste gong eg møtte Lars, og no skulle eg altså skrive ei sak om minnefondet og pengane som vart ei gåve til idrettslaget. Ingen komplisert sak, men dette sette altså tankane i spinn ei lita stund.

**SEINARE I HAUST** køyrde eg ein tur bortom Hol stadion. Den grove grusen som var der i mai var borte. No var det kunstgras, fotballmål, asfaltert skøytebane. Like før snøen la seg og skøyteisen var på plass, var nye Hol idretts- og aktivitetspark så godt som ferdig takka vere enorm dugnadsinnsats.

Og ei pengegåve etter Lars. Betre formål kunne ikkje pengane få.

**I løpet av 2022 er ca. 3000 dugnadstimar brukt og over 50 forskjellige personar har bidratt!**

**Me har fått ferdigattest og Jorun har gjort eit strålande arbeid med rekneskapen som er gjort ferdig for fotballbane og skøytebane med lys. For å takke alle som har vært med på dugnaden arrangerte idrettslaget dugnadsfest på Stundo.**

**Takk til alle som har bidratt!**

# Årsmelding 2022 Hol idretts- og aktivitetspark





Foto: Anders Medhus